

Jon Magne Gabrielli
Øvre Soltveit 11
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17126 - 22/3789

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
14.01.2022

Avslag på søknad om skadefelling av hjort - gbnr. 414/8-11-12-22 og 25, Straume

Administrativt vedtak: Saknr: 050/22

VEDTAK:

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette grunneigar Jon Magne og Monika Soltveit Gabrielli, Kjetil Soltveit, Werner Birkeland, Jonny Soltveit og Reidar Steindal, gbnr. 414/8-11-12-22 og 25, Straume avslag på skadefelling av hjort.

Saka gjeld

Jon Magne og Monika Soltveit Gabrielli, Kjetil Soltveit, Werner Birkeland, Jonny Soltveit og Reidar Steindal søker i fellesskap i brev dagsett 04.02.2021 (retta av administrasjonen til 04.01.2022) om løyve til skadefelling av hjort på gbnr. 414/8-11-12-22 og 25. Der vises til at det i områda er et mye stort beitetrykk frå hjort. Søkjarar minner administrasjonen om den store auken i prisen på handelsgjødsel for 2022 korfor det ønskes å redusere bruken på bruket. Det vert nemnt at det er vanskeleg å hente ut same avling med mindre gjødsel om ikkje og beitetrykket frå hjort vert redusert. Hjorten hentar kanskje brorparten av sin næring frå slåttemarka. Det vil både vera miljøvennlig og økonomisk å senke beitetrykket og dermed spare en del handelsgjødsel.

Søkjarar, som alle er grovfôrprodusentar med driftssenter på Straume gnr. 414, søker derfor om fellingsløyve på 10 skadedyr av hjort. Søkjar vil bed om å få behalde slaktet sjølv og vil ha ei jakttid ut mars månad 2022. Der ønskes og å ta ut mer bukk da denne gjør mye skada med å lage brunstgropene i bakken. Det ser ut til at disse såkalte brunstgropene også bliver laget om våren og ikke kun om høsten.

VURDERING

Naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev kommunen rett til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første ledd bokstav b.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middels. Hjortebestanden i kommunen er robust og skadefelling har ikkje negativ innverknad på bestanden.

Administrasjonen er dessverre nøydd til å gjev avslag på søknad fordi:

Skade på avling skjer i vekstsesongen, og i mindre grad resten av året. Skadefelling av hjort på grasproduksjonsareal utanfor ordinær jakttid vert vanlegvis berre gitt løyve til i vekstsesongen. Før kommunen kan gje skadefelling skal det vera påvist betydeleg økonomisk tap. I og med att det no er vinter ser ikkje kommunen att dette vilkåret er oppfylt. Administrasjonen har på denne årstida, utanfor vekstsesong, fokus på økonomisk støtte frå viltfond til gjerde for beskyttelse av rundballar på lagar mot skade av hjort.

Det vert og vurdert at den økonomiske skada av brunstgroper vanskeleg kan bli vurdert av vesentleg økonomisk betydning for et så stort driftssenter. Brunstgroper utgjer arealmessigt ein så liten del av grasproduksjonsareaala.

Formålet til søknaden vert oppfatta å vera ein søknad om forlenging av jakttid med fokus på reduksjon av hjortebestanden og klargjering av bestanden til vekstsesongen, og ikkje eit tiltak for å stansa eller avverge ein spesifikk skadesituasjon på avling.

Søknad har såleis fokus på problematikk som ikkje er innanfor ramma for skadefelling av hjort med heimel i naturmangfaldlova, men hjorteforvaltningsmessige tiltak i ordinær jakttid.

Administrasjonen forstår samanhengen mellom auke i handelsgjødsels priser og skade som hjorten gjer på avlinga kan gje økt negativ effekt på driftsoverskotet. I vurderinga etter naturmangfaldslova §18 kan ein ikkje leggja vekt på auke i driftsomkostningar som resultat av stigningar i prisen på diesel, straum, bygningsvarer og/ eller handelsgjødsel, men har fokus på å stansa eller vesentleg redusera spesifikk skada på avling.

I gjennom fleira år har det i dei gamle kommunane, som utgjer Alver kommune, vore auke i hjortebestanden. Beiting av hjort påfører jordbruksbetlege økonomiske tap mange stader i kommunen, og utgjer likeins ei vesentleg hindring for kvalitetsmessig forynging av skog og oppfylling av foryngingsplikten i skoglovas §6. Den kan i tillegg utvikle seg til ei fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting. Kommunen vurderer at brorparten av skade på landbruk er kombinasjonen mellom grasproduksjonsareaala i god drift og ein lokal for høg bestand av hodyr med lav reproduksjonsrate. Hjortebestanden er levekraftig, men med ei skeiv kjønnssamsetjing og fallande slaktevekt blant kalv.

Alver kommune har 25.06.2020 redusert minstearealet for hjort for å auke avskytinga som resulterte i rekord i uttaket av hjort for de tre gamle kommunar. I sesong 2021 endra kommunen samansettninga i uttaket radikalt i retning av hodyr og kalv. Fråvik frå minsteareal med inntil 50% brukast i full utstrekning i nemnte prøveområde og i stor utstrekning i omkringliggende hjortevald. Alver kommune er i høyringsfasen for å redusere minsteareal for hjort igjen i 2022 for å kunne heve uttaket i jaktsesong 2022. Det heva uttak vil og gjelde forsøksområda og bli effektuert i jaktsesong 2022.

Alver kommune er godt kjent med at mange bønder har store og omfattande skader på avling og skog. Kommune arbeider difor hardt med å leggja til rette for reduksjon i hjortebestanden for at det skal verta mindre skader på jord- og skogbruk. Fordi dette er

forvaltning av dynamikken i ein naturleg hjortebestand, vil ta tid før ein får full effekt av dei tiltaka som er sett i gong.

Det pågående vegbygg prosjekt på Radøy har endre hjortetrekket og endra korleis hjorten geografisk er fordelt i områda. Dette vil bli forsøkt handtert i tildelinga sesong 2022.

Regelverk

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17126

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Birkeland Werner	5939	SLETTA
Jon Magne Gabrielli	5939	SLETTA
Jonny Soltveit	5939	SLETTA
Kjetil Soltveit	5939	SLETTA
Reidar Steindal	5939	SLETTA